

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 1 av 21

KLUBBHANDBOK



	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 2 av 21

INNHOLD:

Informasjon om klubben	3
1.0 Visjon, mål, verdigrunnlag og fair play	4
<i>1.1 Visjon</i>	4
<i>1.2 Mål</i>	4
<i>1.3 Verdigrunnlag</i>	4
<i>1.4 Fair Play</i>	5
2.0 Lover	6
3.0 Målgrupper	6
4.0 Organisering	7
<i>4.1 Årsmøte</i>	7
<i>4.2 Styret</i>	7
<i>4.3 Oppgåver Damelag og Herrelag</i>	10
<i>4.4 Oppgåver Aldersfastlagd</i>	11
<i>4.5 Oppgåver Dommar</i>	13
<i>4.6 Oppgåver Arrangement</i>	13
<i>4.7 Oppgåver Anlegg</i>	13
<i>4.8 Andre oppgåver</i>	13
5.0 Rutinar	15
<i>5.1 Politiattest</i>	15
<i>5.2 Klubbkolleksjon</i>	16
<i>5.3 Trafikkultur</i>	16
<i>5.4 Beredskap</i>	17
6.0 Økonomistyring	17
<i>6.1 Budsjett</i>	17
<i>6.2 Rekneskap – føring og rapportering</i>	17
<i>6.3 Medlemskontingent og Treningsavgift</i>	18
<i>6.4 Forsikring</i>	18
<i>6.5 Utleige av anlegg til eksterne</i>	18
<i>6.6 Lagsavgift og deltakaravgift turneringar</i>	18
7.0 Rekrutteringsplan	19
8.0 Utdanning/kompetanse	20
9.0 Større arrangement	20
<i>9.1 Jentefotballens helg</i>	20
<i>9.2 Guttefotballens helg</i>	20
<i>9.3 Lerum Cup</i>	21
<i>9.4 SSF fotballskule</i>	21
10.0 Årsplan	21

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 3 av 21

Informasjon om klubben

Klubbnamn:	Kaupanger Idrettslag
Stiftet:	04.06.1935
Postadresse:	Postboks 30, 6854 Kaupanger
E-postadresse:	post@kaupangerfotball.no
Internettadresse:	www.kaupangerfotball.no
Organisasjonsnummer:	975 564 878
Bank:	Sparebanken Sogn og Fjordane
Bankkonto:	3705.08.61776
Medlem av:	Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité
Tilknytt:	Norges Fotballforbund og Sogn og Fjordane fotballkrets

Klubbhandboka skal svare på dei viktigaste spørsmåla om klubben og gjere det enkelt å finne ut kva som gjeld internt i klubben. Boka skal sikre at det er kontinuitet i det som vert bestemt og det som vert gjort.

Klubbhandboka er laga av styret etter innspel frå utval, trenarar og foreldre i klubben. Handboka er eit arbeidsverktøy for alle medlemmar, utøvarar, foreldre, styret, komitear, utval, trenarar og dommarar i Kaupanger fotball.

Me har følgjande hovudsamarbeidspartnarar:

Generalsponsoren vår er:



Hovudsponsorane våre er:



	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 4 av 21

1.0 Visjon, mål og verdigrunnlag

1.1 Visjon

- Fotball skal vere moro for alle!

1.2 Mål

- KIL skal jobbe for sunne haldningar etter Fair Play-prinsippet.
- KIL skal jobbe for å gje eit godt tilbod til barn og unge tilpassa den enkelte sitt nivå.
- KIL skal jobbe for å gje tilbod om breiddefotball, også på seniorsida, slik at alle som vil har eit tilbod.
- KIL skal ha eit herrelag og eit damelag med størst mogleg innslag av lokale spelarar frå Kaupanger.

1.3 Verdigrunnlag

Kompetent

Me ynskjer å ha god struktur på organisasjonen slik at vi lagar eit grunnlag for kontinuitet og stabil drift. Me arbeider for at våre tillitsvalde skal vere skulerte til å gjere ein god jobb både sportsleg og administrativt.

Inkluderande

Alle rollar store og små, er viktige for at KIL skal bestå. Me behandlar kvarandre med gjensidig respekt og tillit, og alle som ynskjer å spele fotball i Kaupanger skal få lov til det.

Lagspelar

Saman gjer me kvarandre gode - internt i laga, mellom laga, mellom gruppene i idrettslaget og i bygda. Me er engasjerte i klubben vår.

Gjennom våre målsettingar og verdiar, ynskjer me å vere ein viktig samfunnsaktør i Kaupanger.

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 5 av 21

1.4 Fair play

Fair Play handlar om korleis me oppfører oss mot kvarandre. Dette gjeld både på og utanfor bana. I KIL ynskjer me at alle skal vise gjensidig respekt og tillit til kvarandre. Det verdigrunnlaget me har vedteke, skal visast att gjennom alle handlingar me gjer. Dette gjeld om du er spelar, trenar, lagleiar, sit i styret eller er med som forelder eller støtteperson.

1.4.1 Fair Play-helsing

I alle fotballkampar som vert spelt på Kaupanger Idrettspark skal det gjennomførast Fair Play-helsing etter kamp. Fair Play-helsinga er eit uttrykk for gjensidig respekt.

1.4.2 Fair Play haldningskontrakt

Alle spelrarar, trenarar og lagleiarar i KIL, skal skrive under på ein Fair Play haldningskontrakt. Haldningskontrakten skal vere med på å skape ei bevistgjering kring Fair Play.

Lagleiarar og trenarar har ansvar for at spelrarar på sine respektive lag skriv under på denne kontrakten i forkant av sesongen. Det oppmodast om å nytte første trening til å gjennomgå Fair Play-reglane og skrive under kontrakten.

1.4.3 Fair Play kampvert

På alle heimekampane skal det vere kampvertar med eigne vestar. Desse vestane skal vere merkte med Fair Play-logo. Alle lag skal ha ein slik vest i lag-baggen. Dersom laget ikkje har kampvertvest, ta kontakt med Fair Play-ansvarleg.

Oppgåver til kampverten er:

- Ynskje bortelag velkommen
- Tilvise garderobe viss ynskjeleg
- Følgje opp at kampen går i god fair play ånd
- Servere kaffi eller anna drikke til begge lags trenarar
- Rydde garderobar viss brukt

1.4.4 Fair Play føresettevettreglar

- Støtt opp om arbeidet til klubben.
- Møt til kampar og til treningar. Du er viktig for spelarane og miljøet.
- Gi oppmuntring til spelarane i med- og motgang. Det gir tryggleik, trivsel og motivasjon til å bli verande lenge i fotballfamilien.
- Me har alle ansvar for kampmiljøet. Gi ros til begge lag for gode prestasjoner og Fair Play.
- Respekter at trenaren leiar kampen. Konstruktiv dialog om gjennomføring kan du ta opp med trenar og klubb i etterkant.
- Respekter avgjerdene til dommaren, sjølv om du av og til er ueinig.
- Det er ditt barn som spelar fotball. Ver positiv og støttande, då er du ein god medspelar!

1.4.5 Fair Play trenarvettreglar

Som trenar er du eit førebilete for spelarane dine. Det er viktig at du viser trenarvett:

- Du er her for spelarane, ikkje for deg sjølv.
- Du ser og høyrer deg sjølv «utanfrå» og spelarane «innanfrå».
- Du vel å vere positiv, for du veit at oppførselen din, både positiv og negativ – smittar over på andre.

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball Godkjent av: Fotballstyret	Versjon: 6.0 Gyldig frå: 1.3.2022	Dok.nr: KIL.1.0 Side: 6 av 21
---	---------------------------------------	--	--	---

- Du påverkar både spelarane dine, «benken» din, dommaren, motstandarlaget og publikum gjennom positiv språkbruk og kroppsspråk.
- Du ynskjer å vere eit godt førebilete for spelarane dine og ein god ambassadør for fotballen og klubben din.
- Gjennom Fair play-haldningar er du med på å skape ei god fotballoppleving for alle.
- Du er førebudd på at temperaturen kan bli høg, men du, «benken» din og spelarane dine skal takle det positivt og konstruktivt.

1.4.6 Fair Play-pris

Styret skal dele ut ein Fair Play-pris til ein spelar per aldersfastlagde lag etter sesongslutt. Prisen skal delast ut på ei felles avslutning i klubbhuset. Fair Play-prisen skal gå til ein spelar som:

- tek godt vare på sine medspelarar og inkluderer nye lagkameratar
- unngår stygt spel og filming
- skapar tryggleik og samhald på bana
- trenar og spelar kampar med godt humør
- behandlar motstandarane med respekt
- hjelper ein skada spelar uansett lag
- takkar motstandaren etter kampen
- ikkje kjeftar på andre spelarar eller dommaren

Fair Play-prisen skal altså gå til ein spelar som etterlever haldningskontrakten.

Avstemminga skal gjennomførast slik:

- Trenar/lagleiar går gjennom kriteria for Fair Play-prisen med spelarane.
- Etter sesongen stemmer alle spelarar, trenarar og lagleiarar ved å skrive namnet på ein spelar på ein lapp. Avstemminga er hemmeleg, og ein kan ikkje stemme på seg sjølv. Lappane vert lagt i lukka konvolutt og gjeve til Fair Play-ansvarleg.

Lagleiar organiserer avstemminga på ein av dei siste treningane. Fair Play-ansvarleg følger dette opp.

Sjå Kaupanger si haldningskontrakt – dokument KIL 11.0.

2.0 Lover

KIL si lov finn du her <https://www.kaupangerfotball.no/klubbhandbok>.

3.0 Målgrupper

Kaupanger fotball sine målgrupper er:

- Barn 6-12 år
 - 6-10 år er organisert av KIL barneidrett
 - 11-12 år er organisert av KIL fotball
- Ungdom 13-17 år
- Vaksne

Sjå Kaupanger sin sportsplan – dokument KIL 3.0.

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 7 av 21

4.0 Organisering

4.1 Årsmøte

Idrettslaget sitt øvste organ er årsmøtet som vert halde kvart år i 1. kvartal.

Hovudstyret i KIL kallar inn til årsmøte minst ein månad på førehand. Dette skjer ved kunngjering på idrettslaget si heimeside. Forslag som skal handsamast på årsmøtet må vere sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste og andre nødvendige saksdokument med forslag må vere tilgjengeleg for medlemene seinast ei veke før årsmøtet.

Alle medlemene i idrettslaget har tilgjenge til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å vere til stades, eventuelt vedta at årsmøtet berre er ope for medlemmer.


Lovleg innkalla årsmøte er vedtaksført dersom det møter eit tal medlemmer som minst svarar til talet på styremedlemmer. Dersom årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det innkallast til årsmøte på nytt utan krav om minimumsdeltaking.

På årsmøtet kan det ikkje handsamast forslag om lovendring som ikkje er oppført på utsendt/kunngjort saksliste. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei med stemmerett på årsmøtet vedtek det, ved godkjenning av sakslista.

Kaupanger fotball har ikkje eige årsmøte, men avviklar årsmøtet samtidig som hovudlaget.

4.2 Styret

Styret i KIL fotball er sett saman slik:



Flest mogleg i styret (minst halvparten) skal ha minimum NFF Leiar 1-kurs.

Styret skal ha 10-12 møter per år. På styremøta skal det vere følgjande dagsorden:

- Gjennomgang av referat frå sist møte
- Status økonomi

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 8 av 21

- Diverse saker
- Runde rundt bordet
- Oppsummering

Styret har ansvaret for å utarbeide og vidareutvikle strategi og handlingsplanar, og jobbe kontinuerleg med desse.

4.2.1 Oppgåver Leiar

- Leiar av fotballgruppa
- Medlem i hovudstyret i KIL
- Kallar inn til møte i fotballgruppa og skriv referat frå møte
- Koordinerer arbeidet i fotballgruppa
- Har ansvar for kaupangerfotball.no og post@kaupangerfotball.no
- Har ansvar for fotballgruppa sine nøklar til klubbhuset
- Skal sjå til at KIL fotball har overordna planar for:
 - Budsjett
 - Overordna mål
 - Sportsplan
 - Anleggsplan
 - Arrangementsplan
- Rapporterer til hovudstyret
- Deltek på møter i regi av krets
- Uttaler seg til pressa (bortsett frå å kommentere kampane o.l.)

4.2.2 Oppgåver Nestleiar

- Sit i styret i fotballgruppa
- Stedfortredar for leiar i fotballgruppa
- Kvalitetsklubbansvarleg

Leiar og nestleiar fordeler oppgåver seg i mellom.

4.2.3 Oppgåver Økonomi

- Sit i styret i fotballgruppa
- Skal halde oversikt over økonomien til fotballstyret og dei ulike undergruppene
- Skal utforme budsjettforslag i november-februar
- Har ansvar for utsending og oppfølging av betaling av treningsavgift og medlemskontigent
- Har ansvar for årsrekneskap og årsmelding

4.2.4 Oppgåver Sponsor

- Sit i styret i fotballgruppa
- Skal halde oversikt over alle sponsoravtalar
- Har ansvar for teikning og fornying av sponsoravtalane
- Skal følgje opp at sponsorar er rett profilerte

4.2.5 Oppgåver Leiar dameutval og herreutval

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 9 av 21

- Leiar av utvalet
- Sit i styret i fotballgruppa
- Ansvarleg for budsjett dame/herre og oppfølging av dette, inkl skaffe og koordinere dognadar
- Ansvar for tilsetjing av trenarar og oppfølging av det sportslege apparatet
- Følgje opp sportsplanen
- Kontaktperson mot NFF ved behov
- Ansvarleg for spelarovergangar i FIKS
- Ansvarleg for å melde på lag og sjekke at alle namn dame/herre er rett i FIKS
- Oppfølging av spelarkontraktar
- Koordinering av/deltaking på oppgåver i kretsregi
- Kallar inn til møter i utvalet for å koordinere aktivitetar

4.2.6 Oppgåver Leiar aldersfastlagd

- Sit i styret i fotballgruppa
- Ansvarleg for budsjett aldersfastlagd og oppfølging av dette
- Sjå til at alle lag har eit sportsleg apparat
- Følgje opp sportsplanen
- Innkalling og planlegging av foreldremøter, trenar/lagleiarmøter
- Ansvarleg for at alle lag har det utstyr som trengs
- Ansvarleg for å melde på lag og sjekke at alle namn aldersfastlagd er rett i FIKS

4.2.7 Oppgåver Leiar dommar

- Sit i styret i fotballgruppa
- Ansvar for rekruttering av dommarar, herunder fadderordning
- Ansvar for kursing av dommarar
- Ansvar for oppsett dommarar til aldersfastlagd fotball
- Følgje opp sportsplanen
- Kontaktpunkt til dommaransvarleg i kretsen
- Koordinering av/deltaking på oppgåver i kretsregi

4.2.8 Oppgåver Leiar arrangement


- Sit i styret i fotballgruppa
- Ansvarleg for utarbeiding av mal for arrangement
- Ansvar for innkjøp/meny i kiosk
- Kallar inn gruppene for å samordne arrangement og organisere dognad kamp (kiosk, speaker, billettør)
- Organisere ansvarleg for kiosk seniorkampar
- Ansvarleg for turneringar, fotballskular etc i KIL-regi

4.2.9 Oppgåver Leiar anlegg

- Sit i styret i fotballgruppa
- Er bindeleddet mellom anleggsgruppa i KIL og fotballgruppa
- Organiserer dognadsarbeid på eige anlegg og beordrar dognadsfolk frå dei ulike utvala
- Ser til at krav til anlegget er oppfylt, og lagar planar og tiltak for å oppfylle desse krava

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 10 av 21

4.3 Oppgåver Damelag og Herrelag (funksjon etter behov)



4.3.1 Oppgåver Hovudtrenar

- Har øvste ansvar for laget sitt treningsopplegg og treningsarbeid, herunder program for:
 - fysisk trening
 - teknisk trening
 - taktisk trening
 - mental trening
- Har ansvar for å utarbeide planar for vidareutvikling av enkeltspelaren sine individuelle ferdigheter, og for at planane vert følgt opp
- Har ansvar for å gi enkeltspelaren tilbakemelding om sportsleg utvikling og prestasjonar i kamp og trening.
- Har øvste ansvar i samband med kampar og kampførebuing, herunder:
 - førebu laget sitt støtteapparat
 - førebu og gjennomgå taktiske opplegg med spelarane

4.3.2 Oppgåver Assistenttrenar

- Skal bistå hovudtrenar og fungere som hovudtrenar når hovudtrenar ikkje er til stades
- Er stadfortredar for hovudtrenar

4.3.3 Oppgåver Keepertrenar

- Deltar i trenarteamet
- Hovudansvar for keepertrening
- Hovudansvar for oppfølging keeperar, lage utviklingsmål og rettleie korleis dei skal nå måla

4.3.4 Oppgåver Lagleiar dame/herre

- Ansvar for planlegging av reiser til kampar
- Ansvar for at reisekostnader er innanfor budsjett
- Arrangere reiser til bortekampane, turneringar og treningskampar
- Kontakte bortelag, dommar/linjemenn og sørge for at bana er klar til bruk
- Møte opp på heimekampane og sørge for at det gjestande lag får garderobe og vert vist til rette
- Oppdatere kamptropp og resultat i FIKS
- Sørge for at garderobane vert rydda etter kamp
- Ha oversikt over drakter og utstyr og levere inn dette ved sesongslutt
- Saman med evt. støtteapparat skipe til sosiale samkomer
- Vere miljøskapar for å gjøre det attraktivt å spele fotball for KIL

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 11 av 21


4.3.5 Oppgåver Sportsleg leiar (etter behov)

- Utvikle og implementere sportsplanen og andre retningslinjer for sportsleg aktivitet, og følgje opp at desse vert etterlevt
- I lag med hovudtrenar og trenarar aldersfastlagd/landslagsskuleansvarleg diskutere differensiering - som også m.a. inkluderer hospitering
- Medansvar for tilsetjing av trenarar og personar i andre sentrale sportslege verv saman med leiar i dame/herreutval og fotballstyret
- Ansvar for at aktivitet og prioriteringar er slik klubben har bestemt og i tråd med målsetjingar, økonomi, anlegg, aktivitet osv
- Ansvar for utvikling av sportsleg kompetanse
- Ansvar for å planlegge laget sin aktivitet saman med trenarapparat og lagleiar
- Leie sportsmøte for trenar- og støtteapparat ein gang per månad
- Avhjelpe trenarapparat og lagleiar med gjennomføring av spelarmøte ved behov
- Ha kontakt med spelar og aktuell klubb ved overgangar inn og ut

4.3.6 Oppgåver Spelarrepresentantar

- Skal vere kontaktleddet mellom spelargruppa og trenarapparatet.
- Spelarane kan nytte spelarrepresentantane for å ta opp saker med trenarteamet.
- Bør ikkje ha andre verv som t.d. kaptein eller ha trenaroppgåver i klubben.
- Skal heile tida tenkje på «lagets beste».
- Skal ha eit lojalt forhold til klubben.

4.4 Oppgåver Aldersfastlagd



4.4.1 Oppgåver Landslagsskuleansvarleg

- Skal sikre at det er god aktivitet, og at god differensiering vert ivaretake på alle årstrinn
- Skal sikre at det er god aktivitet, og at god differensiering vert ivaretake på alle årstrinn
- Skal styre hospiteringsordningane i klubben. Ved hospitering frå aldersfastlagd og opp til senior skal det vere dialog med sportsleg leiar herre/dametag.

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 12 av 21

- Skal informere spelarar, trenarar, lagleiarar og foreldre om tiltak i Landslagsskulen og andre tiltak i regi av krets
- Skal innstille spelarar til fotballkretsen sine storesonesamlingar i samarbeid med laget sine trenarar
- Skal følge opp spelarar som er med på sone/krets/akademilag
- Skal følgje opp tiltaksspelarane for å sikre ein god nok treningskvardag og kontrollere trenings- og kampbelastning på desse spelarane
- Skal vere klubben sin kontakt inn mot kretsen sitt landslagsskulepersonell og delta i møter i regi av kretsen knytt til dette

4.4.2 Oppgåver Trenarar aldersfastlagd

- Skal skaffe seg best mogleg fotballkunnskap
- Deltar på trenar/leiarforum når ein vert innkalla
- Møter godt forberedt til alle treningar og kampar
- Tar ut laget til kampane og følgjer laget til kampar; finner erstattar om nødvendig
- Samarbeider med landslagsskuleansvarleg om spelarutviklingstiltak og hospitering
- Følgjer NFF/klubbens målsettingar, verdigrunnlag og retningslinjer for sportsleg aktivitet

4.4.3 Oppgåver Lagleiarar aldersfastlagd

- Saman med trenar ansvarleg for gjennomføring av alle heimekamper
- Arrangere reiser til bortekampane, turneringar og treningskamper
- Avtaler treningskamper
- Kontakter bortelag, dommar og sørger for at bana er klar til bruk
 - Kontakt dommar dagen før kamp med informasjon om tid og stad
 - Kontakt bortelaget dagen før kamp og bekrefte kamptid, når dei kjem, om dei vil ha garderobe og avklar kampform
- Sørger for at det er kampvertar på kampane
- Organiserer kiosk på heimekampane
 - Kvart lag har ansvar for rekneskapet til kiosken
 - Kioskinntektene skal brukast til å betale 50% av dommarutgiftene, mens resten av inntektene er laget sitt (skal ikkje deles ut til spelarane)
- Registrerer elektronisk kamprapport
 - Resultat 9-12 år
 - Spelartropp og resultat 13-17 år
- Betale dommar godtgjersle mot kvittering
 - Kvitteringer skal sendast leiar aldersfastlagd anten etter kvar halvårssesong eller etter sesongen er ferdig
- Er ansvarleg for at skadar vert rapportert til Idrettens Skadetelefon, sjå punkt 6.4
- Har oversikt over drakter og utstyr og leverer inn dette ved sesongslutt
- Saman med evt. støtteapparat skipe til sosiale samkomer
- Vere miljøskapar for å gjere det attraktivt å spele fotball for KIL
- Melde endringar i spelartropp til leiar aldersfastlagd
- Vere kontaktpunkt for spelarar og føresette dersom det er saker ein ynskjer å ta opp
- Ansvarleg for å samle inn gevinstar til KIL-marknad etter førespurnad frå marknadsnemda
- Oppdaterer aldersfastlagd fotball på facebook etter kvar kamp (frivillig):
 - takke lag og dommar for innsats
 - skrive litt om kampen
 - skrive resultat, men ikkje målscorar

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball Godkjent av: Fotballstyret	Versjon: 6.0 Gyldig frå: 1.3.2022	Dok.nr: KIL.1.0 Side: 13 av 21
---	---------------------------------------	--	--	--


- bilete av laget – om noken er reservert mot bilet på facebook, må dette ivaretakast

4.5 Oppgåver Dommar

4.5.1 Dommarar aldersfastlagd

- Er dommarar i aldersfastlagde kampar, og kan verte spurde om å dømme miniputturnering, treningskamper, andre turneringar etc.

4.6 Oppgåver Arrangement



4.6.1 Oppgåver Arrangementsansvarleg dame/herre

- Ansvar for å få på plass kioskpersonell, billettørar og speaker til kampane
- Ansvar for å skaffe gevinstar til kamplotteri (dette skal leiar arrangement hjelpe til med)
- Ansvar for at oppgjerskjema vert rett utfylt etter kvart arrangement
- Ansvar for å sende oppgjerskjema og dommarrekningar til Kaupanger Rekneskapskontor etter kampane

4.6.2 Oppgåver Ansvarleg kiosk

- Ansvar for innkjøp av varer i kiosk
- Rapportere eventuelle behov for vedlikehald til anleggsansvarleg
- Ansvar for rutinar i samband med kioskavvikling

Lagleiarar aldersfastlagd har ansvar for å organisere kiosk på aldersfastlagde kampar.

4.7 Oppgåver Anlegg

4.7.1 Anleggsgruppe

- Deltek i arbeid på anlegget ved behov

4.8 Andre oppgåver

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansværleg: Leiar fotball Godkjent av: Fotballstyret	Versjon: 6.0 Gyldig frå: 1.3.2022	Dok.nr: KIL.1.0 Side: 14 av 21
---	---------------------------------------	--	--	--



4.8.1 Opgårer Kvalitetsklubbansvarleg

- Vere klubben sin kvalitetssikrar og sørge for at klubben oppfyller kriteria til kvalitetsklubb
- Sørge for at kvalitetsklubbsystemet set standarden for verdiarbeidet i KIL - for trenarar, lagleiarar, foreldre og leiarar
- Skal bevisstgjere og konkretisere kva NFF legg i god kvalitet i KIL sitt planverk og praksis
- Ansvar for at kvalitetsklubbdokumentasjon er oppdatert på kaupangerfotball.no
- Ansvar for politiattestar i KIL fotball

4.8.2 Opgårer FIKS-ansvarleg

- Sjå til at klubben si leiing til ei kvar tid kjenner alle FIKS-oppgåver
- Sjå til at klubben til ei kvar tid har dei rette personane i dei rette rollane registrert i FIKS
- Sjå til at klubben til ei kvar tid har dei rette personane med nødvendige tilgangar i FIKS
- Sjå til at personar med FIKS-tilgang har rett kompetanse til å utføre oppgåver i FIKS

4.8.3 Opgårer Oppstartsansvarleg

- Å kalle inn til eit foreldremøte med trenarar og lagleiarar
- Å organisere barnefotballkveld for alle trenarar (koordinerast med trenarettleiar)
- Å evaluere og vidareutvikle klubben sin rekrutteringsplan og gi innspel til fotballgruppa når det gjeld sportsplan

Det er KIL barneidrett som har ansvar for oppstart av nye kull i KIL. Tidspunkt for oppstart av ny årgang er etter påske. Det er eit mål at trenarar og lagleiarar skal vere på plass før oppstartstidspunkt.

4.8.4 Opgårer Trenings- og kamptidskoordinator

- Har ansvar for å sette opp trenings- og kamptider og informere trenarane om dette
 - Tider vert oppdatert på kaupangerfotball.no
 - Kamp går føre trening
- Har ansvar for å koordinere utleige av anlegget til eksterne
 - Tidspunkt må vere ledig og ikkje i konflikt med eigne treningar og arrangement
- Skal legge praktisk til rette for dei som leiger mht. tilgang til klubbhus, garderobar, utstyr etc. dersom det er behov for dette
- Skal sende faktureringsgrunnlag til Kaupanger Reknesakskontor etter gjeldande satsar

4.8.5 Opgårer Trenarettleiar

- Arrangerer trenarforum i klubben
- Deltar på forum for trenarutvikling i kretsregi, for sparring, inspirasjon, råd og tips trenar for trenarane - følgje opp og vere tilgjengeleg
- Skal fungere som ein sparringpartner for trenarane i klubben der dei sjølv, eller andre i systemet melder behov for det

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 15 av 21

4.8.6 Oppgåver Fair play-ansvarleg

- Har ansvar for å koordinere Fair Play-tiltaka i klubben og bruke Fair Play-programmet som ein rettleiar.
- Skal implementere klubben sin strategi på områda:
 - Følgje opp at Fair Play er med i sportsplan, handbok og andre dokument der det er naturleg.
 - Bestille Fair Play-effektar.
 - Sjå til at anlegget har Fair Play-preg.
 - Evt. arrangere Fair Play-kveldar i klubb.
 - Sjå til at haldningskontraktar vert signerte.
 - Bistå lagleiarar og trenarar ved konkrete episodar.
 - Sørge for at rutinar for kampavvikling vert følgt.
- Skal vere bindeledd mellom styret og laga på Fair Play.
- Skal ha kommunikasjon med krets og delta på møter i kretsregi.

4.8.7 Oppgåver Torsdagssklubben

- Halde orden på uteområdet på idrettsanlegget
- Vaske klubbhuset, kiosken, speakerbua og garderobane ved behov. Fylle på tørke- og toalettpapir.
- Lage liste over reinhaldsartiklar som må kjøpast inn, og melde frå til husstyrar.
- Melde frå til anleggsansvarleg dersom det er behov for større reperasjoner m.m.

5.0 RUTINAR

5.1 Politiattest

Det er krav til at alle idrettsklubar skal bekrefte at alle som skal utføre oppgåver som i vesentleg grad inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming, har gyldig politiattest.

I KIL Fotball har me bestemt at følgjande verv må framvise politiattest:

- Alle trenarar og lagleiarar aldersfastlagd
- Alle medlemmar i styret
- Det sportslege apparatet på seniorlaga då me her vil få eit grensesnitt til aldersfastlagd ved hospitering og/eller at troppen har spelarar i aldersfastlagd alder.

Rutine for innhenting av politiattest:

1. Send ein e-post til nestleiar i fotballgruppa, eirkmenes@gmail.com, med fullt namn og fødselsnummer. Dei som ikkje skulle ønske å sende fødselsnummer pr e-post, gir beskjed til eirkmenes@gmail.com, så avtaler de alternativ framgangsmåte for innhenting av fødselsnummer. Alle e-poster som me mottek og sender som inneheld fødselsnummer vil bli fullstendig slettet frå e-postkonto.
2. Du får så eit utfylt skjema i retur som vedlegg i ein e-post. Dette skjemaet stadfestar at du har behov for politiattest.
3. Det anbefalast på det sterkaste at du opprettar ei digital postkasse viss du ikkje har ei før. Du vil då få politiattesten mykje raskare i den digitale postkassa di enn om du ikkje har ei digital postkasse

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball Godkjent av: Fotballstyret	Versjon: 6.0 Gyldig frå: 1.3.2022	Dok.nr: KIL.1.0 Side: 16 av 21
---	---------------------------------------	--	--	--

og må vente på vanleg post. Digital postkasse kan du opprette på <https://www.norge.no/velg-digital-postkasse>.

4. Logg deg inn på <https://attest.politi.no> med hjelp av ID-porten (MinID, BankID, Buypass eller Commfides).
5. Velg kategori og formål fra nedtrekkslister. Kategori og formål er «frivillige organisasjoner».
6. Last opp stadfestinga som du har fått av klubben (punkt 2 over).
7. Vent på svar. Det tek normalt vertfall 3 veker om du mottek politiattesten i vanleg post. Dersom du har ei digital postkasse, vil du motta attesten i den mykke raskare.
8. Når du har motteke politiattesten, skal han visast fram for nestleiar i fotballgruppa for registrering i KIL sitt arkiv. KIL skal ikkje lagre attesten. Framvising kan gjerast ved personleg oppmøte, ved at du skanner attesten og sender som vedlegg i e-post til eirkmenes@gmail.com, eller sender bilete av attesten på sms til 957 80 904 eller på messenger. E-posten/sms'en/messenger-meldinga, blir fullstendig sletta etter at den er registrert i arkivet til KIL.

Arkiv for politiattest ligg i dokument KIL 4.0 Arkiv politiattest.

Skjema for politiattest ligg i dokument KIL 8.0 Skjema politiattest.

5.2 Klubbkolleksjon

Intersport Sogndal tilbyr klubbkolleksjon til rabattert pris.

På klubbkolleksjonen til KIL, er det Sparebanken Sogn og Fjordane og Intersport sine logoar som skal trykkast på i tillegg til vår eigen KIL-logo.

Sjå dokument KIL 7.0 Gjeldande klubbkolleksjon.

5.3 Trafikkultur

Les dokumentet KIL – trafikksikker klubb

VED KOLLEKTIV TRANSPORT TIL KAMP/TURNERING

- Bruk fast avtale med buss-/drosje-/leigebilselskap

VED PRIVAT KØYRING TIL KAMP, HUGS

- Lagleiar set opp køyreliste med tal bilar slik at spelarane sit samla.
- Kvar reise skal ha ein ansvarleg reisekoordinator.
- Reisekoordinator har ansvar for å kontakte leiar i KIL fotball dersom det skjer uønska hendingar på reisa. Leiar i KIL fotball set beredskap dersom nødvendig.
- Oppmøte er ved Skogly. Dersom bilar skal parkerast der, ta omsyn til Skogly sine arrangement.
- Me kører i følgje.
- Me skal alltid bruke bilbelte.
- Me skal ha god tid til kamp.
- Det er lov å seie frå ved uvettug køyring.
- Det er ikkje lov å drive øvingskøyring med andre i bilen

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 17 av 21

Alkohol/rus/**mobilbruk** og trafikk høyrer ikkje saman.

TIL TRENING

- Hugs refleks om du går
- Hugs hjelm
- Lys og refleks bak om du syklar

5.4 Beredskap

5.4.1 Ved alvorleg skade og sjukdom ved bane/klubhus

- Kartlegg skade.
- Ring ambulanse 113.
- Om naudsynt start livredning med hjartekompresjon/hjartestartar.
- Sikre frie luftvegar.
- Om naudsynt stopp alvorleg blødning.
- Ordne førstehjelpsutstyr/båre.
- Syt for personell som viser veg for ambulanse.
- Varsle leiar i KIL fotball som vurderer om beredskapsgruppe skal settast.

5.4.2 Ved alvorleg bilulukke

- Sikre skadested.
- Ring ambulanse **113**.
- Få oversikt over situasjon.
- Prioriter skader, livstruande eller ikkje.
- Ved alvorleg skade/død, ring politi **112**.
- Ring lokal legevakt, få psykososialt team på plass.
- Unngå bruk av sosiale medium.
- Ta utøvarar vekk frå skadested/forklar.
- Ved brann, ring brannvesen **110**.
- Varsle leiar i KIL fotball som vurderer om beredskapsgruppe skal settast.

5.4.3 Hendingar som skadar omdøme til klubben

Alle har eit ansvar for å varsle leiar i KIL fotball dersom alvorlege hendingar som kan skade klubben sitt omdøme inntreff. Leiar i KIL fotball vurderer om beredskapsgruppe skal settast.

Sjå [KIL 10.0_Beredskapsprosedyre](#).

6.0 ØKONOMISTYRING

6.1 Budsjett

Budsjett for kommande år skal utarbeidast i perioden november – februar og vedtakast på årsmøtet i februar/mars. Alle større arrangement skal budsjetterast i prosjektrekneskap.
Det er leiar i KIL fotball som har ansvar for utarbeiding av totalbudsjettet for fotballgruppa.

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 18 av 21

Sjå KIL 5.0 Mal for budsjett og rekneskap inkl. prosjekt.

6.2 Rekneskap – føring og rapportering

Det er Kaupanger Rekneskapskontor som fører rekneskapet til KIL.

Det skal utarbeidast rekneskapsrapport 2. kvar månad - 20. mars for resultat akkumulert februar, 20. mai for resultat akkumulert april osv.

Alle faktura skal konterast og attesterast via Kaupanger Rekneskapskontor sitt system Uni Economy av leiar herreutval, leiar dameutval, leiar aldersfastlagd eller leiar fotballgruppa før føring.

6.3 Medlemskontingent og treningsavgift

Det er hovudlaget i KIL som har ansvar for å krevje inn medlemskontingent. Alle som er medlem av undergrupper i KIL, må ha betalt medlemsavgift i tillegg til treningsavgift i gjeldande undergruppe.

For fotballgruppa er det styret ved økonomi som har ansvar for å utsending av treningsavgift via Klubbadmin.

Sjå KIL 12.0 Satsar 2022.

6.4 Forsikring

Fotballforsikringen inkluderer fotballspelarar i alle aldrar. KIL betalar forsikring for laga. Ein må vere medlem i KIL for at forsikringa skal gjelde.

Alle skadar skal rapporterast til Idrettens Skadetelefon på 02033.

Me oppmodar seniorspelarane til å inngå ekstra personleg forsikring, sjå [https://www.fotball.no/klubb-og-leader/forsikring/](https://www.fotball.no/klubb-og-leder/forsikring/). Denne må betalast av spelaren sjølv.

6.5 Utleige av anlegg til eksterne

KIL leiger ut anlegget sitt når det ikkje er i konflikt med eigen aktivitet.

Sjå KIL 12.0 Satsar 2022.

6.6 Lagsavgift og deltaravgift turneringar

Kvar einskild spelar må betale deltaravgift på dei turneringar laget er med på.

Når laga høyrer til ungdomsfotballen, har dei moglegheit til å vere med på Norway Cup.

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 19 av 21

Klubben dekkar lagsavgift slik:

Lillegutt/Lillejente (11 og 12 år)

- Futsalturneringar (3 stk. haust/vinter)
- KM - futsal
- Jente- og guttefotballens helg
- Lerum Cup
- 1 valfri turnering

U13

- Futsalturneringar (3 stk. haust/vinter)
- KM - futsal
- Jente- og guttefotballens helg
- Lerum Cup
- 1 valfri turnering

U15

- Futsalturneringar (3 stk. haust/vinter)
- KM - futsal
- Jente- og guttefotballens helg
- Lerum Cup
- 1 valfri turnering

U17

- KM - futsal
- Jente- og guttefotballens helg
- 1 valfri turnering lokalt
- 1 valfri turnering nasjonal/internasjonal

7.0 REKRUTTERINGSPLAN

Rekrutteringa av nye spelarar er det barneidrettsgruppa i klubben som har ansvar for. Alle som startar i 1. klasse på Kaupanger skule om hausten er i målgruppa og foreldra til desse skal inviterast til eit møte i mars for å verte informert om tilbodet. KIL barneidrett kontaktar Furuli barnehage for å få liste over alle nye elevar.

Miniputt-fotball er ein del av tilbodet til barneidretten. Organiserte treningar skal startast opp i veka etter påske og alle skal få tilbod om å vere med på dei fire Kongleriket-turneringane, samt seriespel i dei klassar dette vert sett opp av kretsen.

Det er eit mål å ha 1 trening per veke i oppstarten. Dersom det er ynskeleg, kan foreldregruppa arrangere fleire enn 1 trening per veke, men det skal då vere avklart i foreldregruppa at dette er ok.

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 20 av 21

Trenarar og lagleiarar vert rekrutterte blant foreldra, og det er eit mål at alle skal delta på Barnefotballkveld. Dersom det er foreldre i gruppa som har delteke på NFF sine kurs, er det ynskjeleg at dei tek delansvar som trenarar.

8.0 UTDANNING/KOMPETANSE

Det er eit mål for KIL at flest mogleg av våre tillitsvalde skal ha rett kompetanse.

Mål leiarutdanning:

- Fleirtalet i styret skal ha NFF sitt leiar I-kurs.

Mål trenarutdanning:

- Barnefotball (6-12):
 - Ein trenar per lag med minimum barnefotballkvelden (éin kveld)
 - Ein trenar per årskull med minst eitt delkurs av Grasrottrenaren
- Ungdomsfotball (13-17):
 - Ein trenar per lag med ungdomsfotballkvelden (éin kveld)
 - Ein trenar per årskull med heile Grasrottrenarkurset

«Grasrottrenaren» er trinn 1 av 4 i NFF sin trenarutdanningsstige. Kurset har fire delkurs:

- Grasrottrenar 1: Barnefotballkurset (6-8 år)
- Grasrottrenar 2: Barnefotballkurset – flest mogleg med kvalitet (9-10 år)
- Grasrottrenar 3: Mot ungdom – lengst mogleg (11-12 år)
- Grasrottrenar 4: Ungdom – lengst mogleg – best mogleg (13-19 år)

9.0 STØRRE ARRANGEMENT

I løpet av året arrangerer KIL fotball fleire større arrangement for å skaffe inntekter til drift av klubben. Ein viktig del av klubben er dugnadsånda, og på desse arrangementa er me avhengig av at mange stiller opp.

Til arrangementa Jente- og uttefotballens helg skal det velgast 2 personar frå kvart lag (som ikkje er lagleiarar) som dannar ei arrangementsgruppe per arrangement. Dei skal organisere dugnad og aktivitetar før og under arrangementet.

9.1 Jentefotballens helg

Tidspunkt:	Mars/april
Type arrangement:	Treningskamp-turnering før sesongstart utan fokus på resultat
Ansvarleg for planlegging:	Arrangementsansvarleg og eiga arrangementsgruppe (sjå over)
Dugnad:	Foreldre til arrangerande lag (aldersfastlagd jentesida) Seniorlag er dommarar - dugnadsgodtgjerdsle internt

	Kaupanger Fotball KLUBBHANDBOK	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.1.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 1.3.2022	Side: 21 av 21

Overskot: Til aldersfastlagd

9.2 Gutefotballens helg

Tidspunkt: Mars/april
 Type arrangement: Treningskamp-turnering før sesongstart utan fokus på resultat
 Ansvarleg for planlegging: Arrangementsansvarleg og eiga arrangementsgruppe (sjå over)
 Dugnad: Foreldre til arrangerande lag (aldersfastlagd gutesida)
 Seniorlag er dommarar - dugnadsgodtgjerdsle internt
 Overskot: Til styret til bruk til m.a. kursing trenarar aldersfastlagd

9.3 Lerum Cup

Tidspunkt: Juni
 Type arrangement: Turnering for gutter og jenter 10-14 år
 Ansvarleg for planlegging: Sogndal IL er hovudarrangør
 Eiga arrangementsgruppe i KIL v/Endre Timberlid
 Dugnad: Spelalar seniorlag dame og herre, foreldre aldersfastlagd og
 arrangementsgruppa i KIL - dugnadsgodtgjerdsle internt
 Overskot: Til styret

9.4 SSF fotballskule

Tidspunkt: August
 Type arrangement: Fotballskule for gutter og jenter 6-16 år
 Ansvarleg for planlegging: Arrangementsansvarleg og herrelaget
 Dugnad: Spelalar seniorlag og jente/gutespelalarar ved behov - individuell godtgjersle
 Overskot: Til herrelaget

Når me brukar våre eigne dommarar til kampar på desse arrangementa, skal dommarane godtgerast personleg. Dersom det er dommarar frå seniorlaga som vert brukt, skal dei respektive laga godtgerast.

10. ÅRSPLAN

KIL har laga ein årsplan som viser kva oppgåver som skal gjennomførast når.

Sjå KIL 9.0 Årsplan Kaupanger Fotball.